



Eigarsskapsmelding 2018

ME LØFTER I LAG



Innehald

0. Innleiing	3
Bakgrunn	3
1. Selskap Hå kommune har eigarinteresser i.....	4
JÆREN INDUSTRIPARTNER AS	4
Kommentar knytt til Jæren Industripartner AS.....	5
IVAR IKS	6
Kommentarar knytt til IVAR IKS	7
LYSE AS	8
Kommentar knytt til Lyse AS.....	9
ROGALAND REVISJON IKS	10
Kommentar knytt til Rogaland revisjon IKS	11
INTERKOMMUNALT ARKIV I ROGALAND IKS	12
Kommentar knytt til Interkommunalt arkiv IKS.....	13
2. Kommunale føretak	14
JÆREN EVERK KF i HÅ	14
Kommentar knytt til Jæren Everk KF.....	15
SIREVÅG HAMN i HÅ KF	16
Kommentar knytt til Sirevåg Hamn i Hå KF	17
3. Kommunesamarbeid.....	18
Jæren kemnerkontor	18
Kommentar knytt til Jæren kemnerkontor	19
JÆREN FRILUFTSRÅD	20
Kommentar knytt til Jæren Friluftsråd	21
Jærskulen.....	22
Kommentar knytt til Jærskulen.....	23
4. Stiftingar	24
5. Anna samarbeid/styredeltaking.....	25

0. Innleiing

Eigarskapsmeldinga for året 2018 er ei kort rapportering om selskapa der Hå kommune har interesser. Meldinga inneheld fakta om selskapa, informasjon om kommunen sitt engasjement i selskapet, nøkkeltall for selskapet og ei kort orientering om eventuelle aktuelle saker. Det blir fokusert på resultat av eigarskapet gjennom tenestene som vert produsert og økonomi/risiko.

Eigarskapsmeldinga inneheld denne typen informasjon både om selskap, kommunale fortak og kommunesamarbeid der det er relevant.

Dokumentet inneheld også ei oversikt i tabell-form over dei stiftingane kommunen har vore med å etablere og/eller har styremedlemmer i. Formålet med stiftinga og kven som eventuelt er utnemnd som styrerepresentant frå kommunen og om kommunen yter tilskott til stiftinga blir oppgitt.

Eigarskapsmeldinga vil bli utarbeidd ein gong kvart kommunestyreperiode eller ved behov.

Bakgrunn

«Eierskapsstrategi Hå kommune 2017-2020» blei vedtatt i Hå kommunestyre 14.12.17, k-sak 088/17. Denne er med å legge grunnlaget for ei god og effektiv forvaltning av kommunen sine eigarskap i selskap.

I eigarstrategien har vi gruppert selskapa i 5 kategoriar etter ulike motiv for kommunalt eierskap:

- A. *Finansielt motivert*. Her er målet å oppnå bedriftsøkonomisk lønsemd og høg avkastning på investert kapital gjennom utbytte og verdistigning.
- B. Er motivet å *effektivisere tjenesteproduksjonen*, er hensikta å få meir tenesteproduksjon og/eller auka kvalitet for ressursane som blir sett inn i verksemda enn om eigerne produserte tenestene kvar for seg.
- C. I selskap der eigarskapet er *industrielt motivert*, er målet å oppretthalde og vidareutvikle verksemda, gjerne ved oppkjøp av og samanslåing med bedrifter i samme bransje.
- D. Er motivet *lokal- eller regionalpolitisk*, kan hensikta med selskapet være å ha lokal eller regional styring av ei bestemt verksemd. Hensikten kan også være å ha eit organ til å informere om kommunen eller regionen, drive posisjonering for å få gjennomført tiltak i eller få lagt oppgaver til regionen, oppnå tilskott m.v.
- E. Er eigarskapet *samfunnsøkonomisk motivert*, er hensikta med selskapet ikkje å oppnå bedriftsøkonomisk lønsemd, men å gjennomføre oppgåvene med eit samla sett (samfunnsøkonomisk) gunstig resultat for samfunnet.

Eit selskap/føretak kan ha fleire motiv for eigarskapet og dette er vist i tabellane.

1. Selskap Hå kommune har eigarinteresser i

JÆREN INDUSTRIPARTNER AS

Namn		JÆREN INDUSTRIPARTNER AS				
<i>Organisasjonsform Lovheimel</i>	Aksjeselskap Lov om aksjeselskap					
<i>Stiftingsdato</i>	22.11.1990					
<i>Selskapet sine oppgaver</i>	Jæren Industripartner AS skal gjennom kjerneverksemda tilby varig tilrettelagte arbeidsplassar til innbyggjarar som har behov for dette i eigarkommunane.					
<i>Eigarar og eigardelar</i>	Time kommune (33,33 %), Klepp kommune (33,33 %), Hå kommune (33,33 %)					
<i>Motiv for eigarskapet</i>	Kategori C + E – industrielt motiv + samfunnsmessig motiv					
<i>Styringsdokument</i>	Vedtekter datert 23.08.2008					
<i>Styret</i>	Hå sin representant: Tone Elin Berge. Varamedlem: Renate Skretting.					
<i>Generalforsamling</i>	Hå sin representant: Jonas Skrettingland					
<i>Dotterselskap og tilknytte selskap</i>	JSI Jobbkompetanse AS (Jæren industripartner 33,33 %, Sandnes Pro-Service AS 33,33 %, Attende AS 33,33 %)					
<i>Kommunen sitt økonomiske engasjement</i>	Hå har 80 varig tilrettelagt arbeid (VTA)-plassar der kommunen finansierer 25% og NAV 75%. Hå har 27 plassar. I tillegg har dei 13 VTA-plasser der kommunen finansierer 100%. Hå har ein av desse.					
<i>Nøkkeltal for selskapet</i>	Driftsinntekter: 57,5 mill. kr. Driftsresultat etter finans: 3,6 mill kr. Driftsmargin: 6,3 %, Eigenkapital: 15,1 mill kr, Eigenkapitalandel: 54 %, Investeringsgrad: 1,1. Likviditetsgrad 1 (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld): 2,3. Sjukefråvær: 6,7 %					
<i>Oppfølging av praksis</i>	Valkomité	x	Etiske retningslinjer for selskapet	x	Eigenevaluering av styret	-
	Styreinstruks	x	Plan for styret sitt arbeid	x		

Kommentar knytt til Jæren Industripartner AS

Kommunane Hå, Klepp og Time utarbeidde i 2017 ein ny eigarstrategi for Jæren Industripartner AS. Han blei vedtatt i Hå kommunestyre 16.11.2017.

Eigarskapet i Jæren Industripartner AS (JIAS) er motivert av å tilby varig tilrettelagte arbeidsplassar for innbyggjarar i eigarkommunane som har behov for slike arbeidsplassar for å kunna delta i arbeids- og samfunnsliv.

Jæren Industripartner AS skal gjennom kjerneverksemda tilby varig tilrettelagte arbeidsplassar til innbyggjarar som har behov for dette i eigarkommunane. Aktiviteten skal vera lokalisert fleire stader, fordi nærleik til desse arbeidsplassane er viktig for dei som treng varig tilrettelagt arbeid.

Jæren Industripartner AS kan også levera andre tenester til staten som er i samsvar med verksemda sitt formål. Det at verksemda kan tilby andre tenester enn varig tilrettelagte arbeidsplassar, vil vera positivt for kompetansen og fagmiljøet i selskapet.

Kommunane skal ikkje ta ut utbytte eller ha noko avkastningskrav. Eventuelt overskot skal bli verande i bedrifta og skal disponerast til føremål som styrkjer framtidig drift.

Hå kommune har lenge vært utan venteliste til VTA plassar.

2018 blei et godt år for Jæren Indistripartner med god tilgang på arbeid. Inntektsveksten skuldast tre forhold: Auka etterspurnad frå eksisterende kundar, nye kundar og nye produkt i sortimentet og ekstraordinær prisvekst på trevirke på bortimot 25 %.

Det er viktig å skape stabil lønnsom drift over tid for å kunne utvikle selskapet og kunne tilby attraktive varig tilrettelagte arbeidsplassar. Fornyng er også viktig får å kunne være konkurransedyktig.

I 2018 blei heile bedrifra ISO-9001 sertifisert og er det gjennomført ein total omprofilering.

2019 er det siste året av kontrakten med NAV om «Oppfølging» - som betyr ny anbudsrunde.

Per 31.12.2017 var der 130,5 tilsette, av dette er 99 VTA. Sjukefråværet gjekk ned frå 8,4 til 6,7 %. Korttidsfråværet er lågt og deter fleire lengre sjukemeldingar som gjer at sjukefråværet framleis er høgare enn det som er ønskjeleg.

Ved å følgje denne lenka finn du heile årsrapporten til JIP - [LENKE](#)

IVAR IKS

Namn		IVAR IKS				
Organisasjonsform Lovheimel	IKS Lov om interkommunale selskap					
Stiftingsdato	Interkommunalt samarbeid innan VA-sektoren blei innleia i 1952 då det interkommunale vannverket med ansvar for vannforsyninga til kommunane Stavanger, Hetland og Madla blei etablert. I 1977 blei <i>Interkommunalt vann-, avløps- og renovasjonsverk – IVAR</i> – danna. I perioden 1962-1979 slutta kommunane Klepp, Randaberg, Sandnes, Sola, Time, Gjesdal og Hå seg til samarbeidet. IVAR IKS blei nyregistrert med stiftingsdato 1. desember 1999.					
Selskapet sine oppgaver	Leverer drikkevatt til eigarkommunane, ta i mot og handsame avløpsvatt og avfall frå eigarkommunane. I Time har selskapet drifts- og utbyggingsansvar for den kommunale vass- og avløpsinfrastrukturen.					
Eigarar og eigardelar	Eigd av 13 Rogalandskommunar med ulike eigardelar (kommunen sitt innbyggartal/totalt innbyggartal i eigarkommunane). Stavanger kommune er største eigar (39,96 %). Hå kommune har ein eigardel på 5,536 %.					
Motiv for eigarskapet	Kategori C – industrielt motiv					
Styringsdokument	Selskapsavtale					
Styret	Representant: Merethe Elin Kvia, vararepresentant: Jonas Skrettingland.					
Representantskap	Hå sin representant: Varaordførar Mons Skrettingland. Varamedlem: Torill Egeland Reime					
Dotterselskap og tilknytte selskap	IVAR Næring AS (100 %).					
Kommunen sitt økonomiske engasjement	Betaling for kjøp av drikkevatt, reinsing av avløpsvatt og behandling av avfall etter sjølvkostmetoden. Nye omfattande investeringar betyr auka kostnader for kommunen som igjen aukar gebyra til innbyggjarane som betaler kostnaden gjennom avgifter.					
Nøkkeltal for selskapet (konsern)	Driftsinntekter: 636 mill. kroner, Årsresultat: 12,1 mill. kroner Eigenkapital: 182 mill. kroner, Gjeldsgrad: 23 Sjølvkostfonda er slik ved utgangen av 2018: Vatn: 73,2 mill. kroner, Avløp: 31,3 mill. kroner, Renovasjon: ,0 mill. kroner. Sjukefråvær: 4,46 %.					
Oppfølging av praksis	Valkomité	x	Etiske retningslinjer for selskapet	x	Eigenevaluering av styret	-
	Styreinstruks	x	Plan for styret sitt arbeid	-		

Kommentarar knytt til IVAR IKS

IVAR IKS har framover behov for betydelege investeringar for å nå nødvendig nivå på tenestene sine. 4-5 av eigarkommunane til IVAR IKS er blant dei 10 med lågaste gebyr i landet. Hå er på plass 3 i 2018 når det gjeld samla gebyr i følgje Huseiernes landsforbund. Investeringar framover vil medføra ei moderat prisstigning på grunn av auka finansutgifter og avskrivningar.

IVAR eig og driftar 7 vannbehandlingsanlegg. I tillegg har dei driftsansvaret for ytterlegare 7 vannbehandlingsanlegg og fordelingsnettet i 6 kommunar. Hå eig og driftar sitt fordelingsnett sjølv, men IVAR har ein hovudledning frå Time grense fram til reservekjelda Hagavatnet ovanfor Matningsdal. Hå kommune tek ut vatn frå denne hovudleidingar fleira stader i kommunen. IVAR driftar høgdebassenget i Sirevåg, med tilhøyrande tilførselsledning for vatn frå Krånå / Herikstad på Vigrestad. I tillegg driftar IVAR ein ledning frå Mauland i Time – til Undheim i Time, som går via Risa i Hå.

IVAR driftar 11 reinseanlegg for kommunane. Av desse er det 4 reinseanlegg for avløpet til Hå, inkludert utsleppsledning i sjøen. Det største anlegget IVAR driftar er Sentralreinseanlegget for Nord-Jæren på Randaberg (330 000 pe), med Grødaland i Hå som ein god nr 2 i størrelse (150 000 pe).

På Grødaland i Hå har IVAR bygd eit biogassanlegg for mottak av slam, matavfall m.v. Anlegget er i bruk. Det er under planlegging eit tredje byggetrinn med energisentral eller biobrenselanlegg basert på slam og matavfall, planlagt å stå ferdig i 2020/2021.

I 2015 inngjekk IVAR kontrakt om utviding av Langevatn vannbehandlingsanlegg i Gjesdal. Investeringa er på 430 mill. kroner. Anlegget var ferdig i begynnelsen av 2019, og det er forventa sett i full drift ved årsskiftet 2019 / 2020.

Nytt avfallsorteringsanlegg på Forus blei ferdigstilt seint i 2018 og er i normal drift nå.

I Hå var det i 2018 registrert 0 leidningsbrot på IVAR sitt nett i Hå. Vannprøvetaking har vist tilfredsstillande kvalitet i 2018. I løpet av sommeren 2018 hadde vi ein lengre tørkeperiode, slik at det blei innført restriksjonar på bruken av vatn i ein periode. Likeså blei reserve - vannkilden Haga vatnet tatt i bruk i ein periode.

Det pågår eit arbeid med eventuelle endringar i IKS-lova. Det vert utgreia om ein skal forby IKS å driva med såkalla «økonomisk aktivitet». Årsak er at det at kommunar ikkje kan gå konkurs gjev selskapa økonomiske fordelar når dei driv økonomisk aktivitet i konkurranse med private. Det er ikkje kjent når eventuelle lovendringar vil tre i kraft.

Rogaland Revisjon gjennomførte i 2016 ein selskapskontroll av IVAR. Funn herfrå blir tatt inn i revidering av selskapsstrategien. Det er naturleg å gjere dette i samband med kommunesamanslåing til nye Stavanger og nye Sandnes – hausten 2018/våren 2019.

Heile årsmeldinga fins her [LINK](#)

LYSE AS

Namn	Lyse AS					
Organisasjonsform Lovheimel	Aksjeselskap Lov om aksjeselskap					
Stiftingsdato	17. juni 1998					
Selskapet sine oppgaver	Skape verdier for kundane, eigarane og samfunnet. Syte for ei sikker og rasjonell energiforsyning til selskapet sine kundar. Kjerneverksemda skal vera innanfor forretningsområda energi og breiband.					
Eigarar og eigardelar	Selskapet er eigd av 16 kommunar i Sør-Rogaland. Stavanger kommune (43,68 %), Sandnes kommune (19,53 %), Sola kommune (8,74 %), 12 andre (24,27 %). Hå har ein eigardel på 3,785 %.					
Motiv for eigarskapet	Kategori A+B+C+D+E – finansielt motiv, samt om å effektivisere tenesteproduksjonen, industrielt, lokal-/regionalpolitisk og samfunnsmessig motiv					
Styringsdokument	Selskapsavtale, Eigarstrategi (vedtatt av Hå kommune 12.02.2011)					
Styret	Hå kommune har ingen representant i 2017					
Generalforsamling Bedriftsforsamling	Hå sin representant i generalforsamlinga: Jonas Skrettingland Hå sine representantar i bedriftsforsamlinga: Jonas Skrettingland og Tobias Ånestad (vararepresentantar: Mons Skrettingland og Andreas Bjorland)					
Dotterselskap og tilknytte selskap ¹	Lyse Produksjon AS (100 %), Lyse Energisalg AS (100 %), Lyse Neo AS (100 %), Jørpeland Kraft AS (66,67 %), Forus Energiggjenvinning AS (100 %), Lyse Elnett AS Elnett (100 %), Altibox AS (100 %), Altibox Danmark A/S (100 %), Signal Bredband AS (100 %), Lyse Fiberinvest AS (100 %), Lyse Fiber AS (100 %), Stayon AS (100 %), Viken Fiber Holding AS (71 %), Viken Fiber AS (71 %), Lyse Link AS (100 %), Lyse Dialog AS (100 %), Smartly AS (100 %), LSS Holding AS (100 %), Lyse Eiendom Mariero AS (100 %), Lyse Eiendom Jørpeland AS (100 %), Lyse Energi AS (100 %), SEdevices AS (100 %), Lyse Kraft AS (100 %)					
Kommunen sitt økonomiske engasjement	Årlig utbytte. Renter og avdrag på ansvarlige lån. Verdiauke på aksjane i selskapet. Ansvarlig lån 113,5 mill. kroner (saldo 75,7 mill. kroner), rente (NIBOR +2%): 2,4 mill. kroner. Hå kommune sitt utbytte i 2018 var 18,925 mill kroner.					
Nøkkeltal for selskapet	Driftsinntekter i 2018: 10 268 mill. kroner, driftsresultat: 3 053 mill. kroner. Eigenkapital: 9 153 mill. kroner, Eigenkapitalandel inkludert ansvarleg lån: 35,4%, Utbetalt utbytte (for 2017): 500 mill. kroner, foreslått utbytte per aksje: 545 kroner					
Oppfølging av praksis	Valkomité	x	Etiske retningslinjer for selskapet	x	Eigenevaluering av styret	x
	Styreinstruks	x	Plan for styret sitt arbeid	x		

¹ Denne oversikten viser selskap som inngår i konsolideringa i rekneskapen for 2017 slik det er sett opp i årsrapporten for 2017, side 108

Kommentar knytt til Lyse AS

Lyse AS er morselskapet i Lyse-konsernet. Konsernet endra i 2015 namn frå Lyse Energi AS til Lyse AS. Kundeserviceselskapet som tidlegare heitte Lyse AS, endra namn til Lyse Dialog AS.

Morselskapet si viktigaste oppgåve er å ivareta eigarrollen i heil- og deleigde dotterselskap som inngår i Lyse-konsernet. Morselskapet organiserer på vegne av konsernet fellesfunksjoner knytt til økonomi, organisasjon, sikkerhet, teknologi, kommunikasjon og samfunnsansvar. Aksjonærene utøver eigarstyring gjennom generalforsamling og bedriftsforsamling i morselskapet.

Årsresultatet for morselskapet blei på 1 148 mill. kroner i 2018, mot 1 163 millionar kroner i 2017. Underliggende driftsresultat i konsernet blei på 3 053 millionar kroner i 2018, ei betring på 1 182 millionar fra 2017. Auken skuldast betre resultat i Energisegmentet på grunn av auka vannkraftproduksjon kombinert med høgaere pris, samt med konsolidering av Viken Fiber i heile 2018 mot kun i desember i 2017.

Nokre endringar i rekneskapsprinsipp gjer at tala for 2017 kan vere ulike forrige rapport. Konsernet investerte i 2018 totalt 2 472 mill. kroner, noko som er ei auke på 597 mill. kroner frå året før.

Viktige hendingar. Årsmeldinga ligg her [LENKE](#)

- Nytt kraftverk i Lysebotn blei ferdigstilt i september. Prosjektet som har pågått i 5 år og som har hatt ei kostnadsramme på 1,8 milliardar kroner blei levert på tid og kost
- God disponering av vannmagasina i slutten av 2017 og i heile 2018 resulterte i ein rekordhøg produksjon på 7.5 TWh
- Altibox kunde nummer 500.000 blei kobla opp i april, og vi avslutta året med 536.000 kunder
- For niande år på rad er det Altibox som har dei aller mest fornøgde kundane i kategorien Bredbånd (EPSI)
- Eidsiva Bredbånd AS signerte i desember partneravtale med Altibox
- Avtale om kjøp av Forsand Elverk blei signert i november
- Dei resterande aksjene i Skangas blei solgt til Gasum i juni, og Lyse har dermed solgt seg heilt ut av LNG (flytande naturgass)
- Lyse har gjennom året hatt god tilgang på finansiering i markedet. Lyse AS henta i mai 90 millioner Euro i det tyske Schuldsheinmarkedet. Dette gjer ytterlegare diversifisering av Lyse sine innlånskjelder

Driftsresultat fordelt på forretningsområda:

(tal i mill. kroner)	2018	2017
Energi	2 478	1 327
Telekom	510	433
Infrastruktur og elnett	199	242
Andre og elimineringsar	-133	-131
Underliggende driftsresultat	13053	1 871

ROGALAND REVISJON IKS

Namn		INTERKOMMUNALT ARKIV I ROGALAND IKS				
Organisasjonsform Lovheimel	IKS Lov om interkommunale selskap					
Stiftingsdato	01.07.2004					
Selskapet sine oppgaver	Rogaland Revisjon IKS skal <ul style="list-style-type: none"> utføre de lovpålagte revisjonsoppgaver for deltakarane. Rogaland Revisjon IKS kan <ul style="list-style-type: none"> utføre andre revisjonsoppdrag og rådgjeving for deltakarane. kan utføre revisjonsoppdrag og rådgjeving for andre selskap 					
Eigarar og eigardelar	Selskapet er eigd av 17 kommunar og fylkeskommunen i Rogaland. Dei største eigarane er Rogaland fylkeskommune (24,69 %), Stavanger kommune (31,56 %) og Sandnes kommune (15,70 %). Hå kommune har ein eigardel på 4,11 %.					
Motiv for eigarskapet	Kategori B + C - motiv om å effektivisere tenesteproduksjonen + industrielt motiv					
Styringsdokument	Selskapsavtale. Eigarstrategi godkjent i Hå 18.10.2012					
Styret	Hå har ingen representant i styret i 2018.					
Representantskap	Hå sin representant: Jan Erik Tuen Varamedlem: Ådne Skrettingland					
Dotterselskap og tilknytte selskap	Ingen					
Kommunen sitt økonomiske engasjement	Eigardel på 4,11 %. Hå kjøpte tenester for til saman kr 768 920 i 2018.					
Nøkkeltal for selskapet	Driftsinntekter: 25 mill kroner, Driftsresultat: 0,23 mill kroner. Eigenkapital: 4,5 mill kroner, Gjeldsgrad: 4,6 (hovudtyngda er pensjonsforpliktingar), Sjukefråvær: 7 %					
Oppfølging av praksis	Valkomité		Etiske retningslinjer for selskapet	X	Eigenevaluering av styret	X
	Styreinstruks	X	Plan for styret sitt arbeid			

Kommentar knytt til Rogaland revisjon IKS

Føretaket blei etablert mellom anna for å sikre eit kompetansemiljø med innsikt i kommunal drift slik at lovpålagte revisjonstenester kan bli levert med høg kvalitet til ein rimeleg pris. Eigarane har gjennom eigarstrategien uttrykt forventning om at føretaket kontinuerlig vidareutveklar den kommunale kompetanse sin og bidrar til forbetring i den kommunale drifta. Eigarane er einige i føretaket sin vekststrategi slik at selskapet kan vidareutviklast i takt med framtida sine behov og teknologiske utfordringar.

Eigarstrategien skal bli oppdatert som ledd i kommunesamanslåing og strukturendring i kommunal revisjon.

I 2018 har det gått med mykje arbeid i organisasjonsutvikling og tidligere revisjonsdirektør er gått over i pensjon.

Rogaland revisjon arbeider primært med eigarkommunane, men har hatt Time kommune som kunde sidan 2015.

Ved utgangen av 2018 var det 22 tilsette.

INTERKOMMUNALT ARKIV I ROGALAND IKS

Namn		INTERKOMMUNALT ARKIV I ROGALAND IKS				
Organisasjonsform Lovheimel	IKS Lov om interkommunale selskap					
Stiftingsdato	1. januar 1976 (etablert)/30. april 2002 (omorganisert til IKS)					
Selskapet sine oppgaver	Selskapet skal arbeide for at arkivmaterialet frå deltakarane blir teke vare på og gjort tilgjengeleg for offentleg bruk i samsvar med arkivlova.					
Eigarar og eigardelar	Selskapet er eigd av 25 kommunar i Rogaland, Rogaland fylkeskommune og fire interkommunale samarbeids-ordningar. Hå kommune har ein eigardel på 4,53 %. Eigardelen blir justert kvart fjerde år ut i frå folketalet og endring i deltakarane (sist justert i 2017).					
Motiv for eigarskapet	Kategori B+C+D – motiv om å effektivisere tenesteproduksjonen + industrielt motiv + lokal-/regionalpolitisk motiv					
Styringsdokument	Selskapsavtale					
Styret	Hå har ingen representant i styret. Vararepresentant: Lisa Reime Helgeland					
Representantskap	Hå sin representant: Reidar Håland. Varamedlem: Einar Vigrestad					
Dotterselskap og tilknytte selskap	Ingen dotterselskap og tilknytte selskap.					
Kommunen sitt økonomiske engasjement	Årleg tilskott basert på folketal/fordelingsnøkkel og leide av arkivdepot. I 2017 var tilskott og leige frå Hå kr. 480 000.					
Nøkkeltal for selskapet	Driftsinntekter: 12,14 mill kroner, Driftsresultat: underskot kr. 0,15 mill. kroner. Eigenkapital: kr. 4,5 mill. Sjukefråvær: 2,6 %					
Oppfølging av praksis	Valkomité	x	Etiske retningslinjer for selskapet	-	Eigenevaluering av styret	?
	Styreinstruks	x	Plan for styret sitt arbeid	x		

Kommentar knytt til Interkommunalt arkiv IKS

IKA har 7 fast tilsette i meldingsåret. Frå 1987 til 2017 var selskapet samlokalisert med Statsarkivet i Bergelandsgata 30 i Stavanger. 1. juni 2018 flytta IKA saman med Statsarkivet, Stavanger byarkiv og Misjonsarkivet til Arkivenes Hus på Ullandhaug ved Stavanger. IKA sitt depot i nybygget har ein kapasitet på om lag 14 000 hyllemeter. Av dette er om lag 6 500 nytta ved utgangen av 2018. Det blei i 2018 brukt ein del ressursar til etterarbeid i samband med flyttinga.

I 2017 blei selskapsavtalen endra ved at Haugesund kommune og Rogaland fylkeskommune blei tatt opp.

IKA utførte i 2018 desse oppgåvene for Hå kommune:

- Arkivfagleg rådgjeving
- Avlevering av arkiv frå rådmannskontoret og ehelse, omsorg og sosial
- Depotbetjening
- Omvisning og foredrag i samband med besøk til Arkivenes Hus
- Ordning av arkiv i kommunen sitt bortsettingsarkiv.

Hå kommune fekk i 2018 behandla 66 saker mot 24 i 2017 (6,9 % av sakene i 2018).

Hå kommune leverte 166 hyllemeter i 2018 og har nå 442 hyllemeter totalt i arkivdepot.

Hå hadde ikkje nye avleveringar av elektroniske arkiv i 2019 og har totalt 2 av 100 slike.

Her er lenke til årsrapporten for 2018 [LENKE](#)

2. Kommunale føretak

JÆREN EVERK KF i HÅ

Namn	Jæren Everk KF				
<i>Organisasjonsform Lovheimel</i>	Kommunalt føretak (KF) etter kommunelovens § 11				
<i>Stiftingsdato</i>	Stifta 20. mai 1912. Første dag for leveranse av strøm var 27. januar 1915.				
<i>Selskapet sine oppgaver</i>	Kjerneverksemda til selskapet er nettdrift (sidan 1. januar 1999)				
<i>Eigarar og eigardelar</i>	Kommunalt føretak i Hå, ikkje eige rettssubjekt				
<i>Motiv for eigarskapet</i>	Kategori B+C+E – motiv om å effektivisere tenesteproduksjonen + industrielt motiv + samfunnsmessig motiv				
<i>Styringsdokument</i>					
<i>Styret</i>	Sidan mai 2016 består styret av Tobias Aanestad (leder), Reidar Håland, Marianne Bjorland, Marianne Houen Gåsland Osmundsen. Tilsette sin representant er Tone Ånestad.				
<i>Representantskap</i>	Ikkje aktuelt				
<i>Dotterselskap og tilknytte selskap</i>	Jæren Everk eiger dotterselskapet Jæren Fjernvarme AS (etablert i 1998). Dalane Energi AS og Jæren Everk eig 50% i Skina AS, stifta 29.11.2018.				
<i>Kommunen sitt økonomiske engasjement</i>	Kommunen er part i alle avtalar og hefter for eit KF. Kommunestyret vedtar budsjetttrammer. Kommunen mottar årleg utbytte. Frå 2017 er utbyttet være 6 mill kroner.				
<i>Nøkkeltal for selskapet</i>	Driftsinntekter: 107,5 mill kroner, Driftsresultat: 16,3 mill. kroner. Eigenkapital: 193 mill.kroner. Gjeldsgrad: 0,45. Totalt sjukefråvær: 4,3 %				
<i>Oppfølging av praksis</i>	Valkomité	-	Etiske retningslinjer for selskapet	X	Eigenevaluering av styret
	Styreinstruks		Plan for styret sitt arbeid		

Kommentar knytt til Jæren Everk KF

Ved utgangen av året var det 22 tilsette, ein av desse er lærling.

Total overført mengde kraft i 2018 var 356,4 GWh mot 332,0 GWh i 2017.

JEV er det einaste nettselskapet i Norge med berre 400 V spenning på lågspentnettet. Dette er eit teknisk fortrinn som blant anna resulterer i lågare nettap. I 2018 var det eit registrert tap på 2,68 % i JEV sitt nett

DET LOKALE ELTILSYNET (DLE)

DLE-arbeidet er dei siste åra lagt om til målretta tilsyn, dvs. at verksemda i hovudsak blir konsentrert om område der risikoen er størst. Frost Kraftentreprenør AS har vært leverandør til Jæren Everk av DLE-tenester i Hå kommune i 2018. Dette har fungert bra.

Det er blitt utført revisjon av 105 verksemder og 141 verifikasjoner. Det er blitt utført 296 periodiske kontrollar av privatbustader og fritidsbustader. I tillegg er det blitt kontrollert 39 nyanlegg.. Everket er framleis ein aktiv partner i A-krim-arbeidet i Rogaland.

J/ERNETTET OG OPSTAD TRANSFORMATORSTASJON

Jæren Everk og Lyse Elnett søkte i 2017 om konsesjon for ein ny Opstad transformatorstasjon. Partane vil eige 50 % kvar av eigedom og bygg. Konsesjonsvedtaket fra NVE kom 24. januar 2018.

Opstad transformatorstasjon blir den første transformatorstasjonen i Jærnettet som blir oppgradert til 132 kV. Dette er eit etterlengta samband og bidrar til ein betydeleg betre forsyningssituasjon for Hå kommune og nabokommunene både i nord og sør. Den nye forbindelsen til Bjerkreim vil bidra til å sikre god og stabil strømforsyning i lange tider framover.

Jæren Everk og Lyse Elnett planlegg utbygging av ny Opstad transformatorstasjon i perioden 2019 til 2020. I den nye transformatorstasjonen vil Jæren Everk installere nye krafttransformatorar for 132 kV, den nye regionale standardspenninga her på Jæren. Transformorkapasiteten i Opstad aukast frå 45 MVA til 80 MVA. Går alt etter planane vil den nye stasjonen være ferdig i 4. kvartal i 2020

Den nye energiloven som kom i 2016 kan bety at nettselskapet må innrette seg annleis i framtida. Det blei arbeid vidare i 2018 med kva som er mogleg og konsekvensar for everket og dotterselskapet. Hå kommune har utarbeidd ein eigarstrategi for Jæren Everk som blei godkjent i kommunestyret 9. mai 2019.

SIREVÅG HAMN i HÅ KF

Namn	Sirevåg hamn					
<i>Organisasjonsform Lovheimel</i>	Kommunalt føretak (KF) etter kommuneloven sin § 11					
<i>Stiftingsdato</i>	Sirevåg havn i Hå KF blei oppretta 17.6.2004 og registrert i Enhetsregisteret og Foretaksregisteret 5.1.2005					
<i>Selskapet sine oppgåver</i>	Å eige, bygge ut og drive Sirevåg Havn (inkludert havneavsnitta Holmane og Kvasseheim). Selskapet skal og forvalte kommunen sine sjøområder etter delegert myndigheit fra kommunestyret.					
<i>Eigarar og eigardelar</i>	Kommunalt føretak (KF) i Hå kommune					
<i>Motiv for eigarskapet</i>	Kategori D+E - lokal- eller regionalpolitisk + samfunnsmessig motivert					
<i>Styringsdokument</i>						
<i>Styret</i>	Jonas Skrettingland (leiar), Mons Skrettingland, Tone Elin Berge, Grete Hove Vikedal, Trond Knutsen, Svein Arve Nygård, Merethe Elin Kvia, Svein Høiland, Terje Mjåtveit					
<i>Representantskap</i>	Styret blir valgt av kommunestyret.					
<i>Dotterselskap og tilknytte selskap</i>						
<i>Kommunen sitt økonomiske engasjement</i>	Kommunen er part i alle avtaler og hefter for eit KF. Kommunestyret vedtar budsjetttrammer. KF'et si årleg havneleige blei redusert til 200 000 kr i 2018.					
<i>Nøkkeltal for selskapet</i>	Driftsinntekter: 1,0 mill kroner, Netto driftsresultat: 0,2 mill. kroner. Eigenkapital: 1,5 mill. kroner.					
<i>Oppfølging av praksis</i>	Valkomité	-	Etiske retningslinjer for selskapet	-	Eigenevaluering av styret	-
	Styreinstruks	-	Plan for styret sitt arbeid	-		

Kommentar knytt til Sirevåg Hamn i Hå KF

Aktiviteten er redusert noko i forhold til 2017 vedrørende ilandføringa fisk til hamna, dette er trend som har pågått i flere år og skyldes i hovedsak nedgang i aktivitet hos Pelagia og no også hjå Pelsdyrforlaget. Hamna fekk redusert omsetning i 2018 i forhold til rekneskap 2017. Ilandføring av kunstgjødsel, kalk har ca. samme volum som i 2017, men det har vært ein betydeleg auke med ilandføring av halm og høy. Felleskjøpet har årlig fast pris for kai-leien og varehåndtering. Auka hjå Felleskjøpet påverkar derfor ikkje rekneskapen..

Havnedistriktet omfattar alle hamnene i kommunen, der Sirevåg er den klart største og viktigaste. Sirevåg hamn er peika ut som regionalt næringsområde i regionalplanen for Jæren. Ei vidareutvikling av Sirevåg hamn for å få til auka aktivitet i hamneområdet og spesielt knoppskyting/etableringa på industriområde i nærleiken (Skoga/Nylund), er viktig.

3. Kommunesamarbeid

Jæren kemnerkontor

Namn	Jæren kemnerkontor			
<i>Organisasjonsform Lovheimel</i>	Vertskommunesamarbeid etter Kommunelovens §28			
<i>Stiftingsdato</i>	Jæren kemnerkontor starta opp 1 jan 2013 og er eit felles skatteoppkrevjarkontor for kommunane Gjesdal, Hå, Klepp og Time.			
<i>Selskapet sine oppgåver</i>	Kontoret si hovudoppgåve er innfordring av skatt og arbeidsgjevarkontroll i desse fire kommunane.			
<i>Eigarar og eigardelar</i>	Kommunane Gjesdal, Hå, Klepp og Time deltar og betaler driftskostnader i forhold til folketal.			
<i>Motiv for eigarskapet</i>	Kategori B+C - motiv om å effektivisere tenesteproduksjonen + industrielt motiv			
<i>Styringsdokument</i>				
<i>Styret</i>	Kontoret blir leia av ei styringsgruppe som består av økonomisjefane i dei fire kommunane. Hå sin økonomisjef er Bente C Iversen.			
<i>Representantskap</i>	Ikkje relevant			
<i>Dotterselskap og tilknytte selskap</i>	Ingen			
<i>Kommunen sitt økonomiske engasjement</i>	Kvar kommune betaler driftskostnader i forhold til folketal. I 2018 var Hå sin del kr 1,9 millionar kroner.			
<i>Nøkkeltal for selskapet</i>	Tal på skatteytarar i Hå likningsåret 2017 var 14 205, Innbygds arbeidsgjevarar: 547. Innbetalt skatt/avgift i 2018: 2 069 mill kroner, Hå kommune sin del 475 mill kr.			
<i>Oppfølging av praksis</i>	Valkomité		Etiske retningslinjer for selskapet	Eigenevaluering av styret
	Styreinstruks		Plan for styret sitt arbeid	

Kommentar knytt til Jæren kemnerkontor

Jæren kemnerkontor starta opp 1. januar 2013 og er eit felles skatteoppkrevjarkontor for kommunane Gjesdal, Hå, Klepp og Time. Kontoret sine hovudoppgåver er innfordring av skatt og arbeidsgjevarkontroll i desse 4 kommunane.

Kontoret har 9,5 årsverk og er organisert som eit vertskommuneføretak i Time kommune.

I 2017 blei to saker oversendt for behandling i skatteutvalget.

Skattekontoret driv effektiv innfordring og har nådd resultatkrava for alle skatteartar. Kontoret har vært bevisst på å være rask med utleggsforretning og andre tvangsinnfordringsmuligheter. I 2018 blei det sendt 5 konkursbegjæringar og det er åpna 48 konkursar. Det blei ikkje oversendt nokre anmeldelser til Politiet i 2018.

Det blei gjennomført 105 arbeidsgjevarkontroller i 2018, dette var 13 færre enn planlagt. Til saman auka desse inntektsgrunnlaget med ca. 3 mill kroner. I Hå blei det planlagt og gjennomført 27 kontrollar. Kontrollane blir utført i samarbeid med Skatt vest, NAV, Politiet og Arbeidstilsynet.

JÆREN FRILUFTSRÅD

Namn		Jæren friluftsråd			
<i>Organisasjonsform Lovheimel</i>	Interkommunalt samarbeid etter kommuneloven § 27				
<i>Stiftingsdato</i>	16. mars 1950, utvida i 1972				
<i>Selskapet sine oppgaver</i>	Sikra, leggja til rette og driva områder som kan nyttast til friluftsliv og naturopplevingar, leggja til rette for sport og idrett i desse områda og auka forståelsen og innsikta for kva friluftsliv betyr for helse, trivsel og naturkunnskap.				
<i>Eigarar og eigardelar</i>	Medlemskommunar: Time, Hå, Klepp, Sandnes, Randaberg, Stavanger, Gjesdal, Sola.				
<i>Motiv for eigarskapet</i>	Kategori B+D- motiv om å effektivisere tenesteproduksjonen + lokal- eller regionalpolitisk				
<i>Styringsdokument</i>	Vedtekter Jæren Friluftsråd				
<i>Styret</i>	Hå sin representant: Svein Høyland, varamedlem Irene Omland				
<i>Representantskap (års møtet)</i>	Kommunar med inntil 30 000 innbyggjarar har 3 representantar. Hå sine representantar er: Einar Vigrestad, Tobias Ånestad, Marianne Bjorland. Varamedlemmer: Kjersti Fuglestad, Svein Høyland, Terje Undheim				
<i>Dotterselskap og tilknytte selskap</i>	Ingen				
<i>Kommunen sitt økonomiske engasjement</i>	For 2017 var kontingenten 13,43 kroner. Den vert prisjustert årleg. For 2017 betalte Hå kr. 253.156. Hå kommune har også gitt støtte til ryddeaksjon Jærkysten.				
<i>Nøkkeltal for selskapet</i>	Driftsinntekter: 19,5 mill kroner, Netto driftsresultat: -1,5 mill kroner, Eigenkapital: 3,5 mill kr. Gjeldsgrad: 3,79. Sjukefråvær: 1,1 %				
<i>Oppfølging av praksis</i>	Valkomité	x	Etiske retningslinjer for selskapet		Eigenevaluering av styret
	Styreinstruks		Plan for styret sitt arbeid		

Kommentar knytt til Jæren Friluftsråd

Jæren Friluftsråd er eit av dei eldste eksisterande interkommunale samarbeidsutval i Jær-regionen. I 1950 blei Nord Jæren friluftsråd oppretta. I 1972 skifta rådet namn til Jæren Friluftsråd og blei eit interkommunalt samarbeidsorgan for kommunane Randaberg, Sola, Stavanger, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå. Styret på 8 personer består av ein representant frå kvar av medlemskommunane.

Jæren Friluftsråd har ansvaret for at befolkninga i regionen har friområde tilgjengelig for rekreasjon og variert friluftsliv. Organisasjonen forvaltar i dag ca. 31.000 dekar friområde fordelt over hele Jæren, frå Ognå i sør, til Sandestranden i nord og til Hunnedalen i øst. Friluftsrådets oppgåver er å sikre nye områder, legge til rette for brukarane, sørge for at områdene fungerer som rekreasjonsområde og at naturkvalitetane ikkje blir øydelagt.

Ut i frå persontellarar i Brekko, ved Månafossen, ved Melsvatnet, på Orre og på Kvasseheim og antatt besøkstall på Jærestrendene tror Jæren Friluftsråd at det er ca. 1,2 millionar besøkande av friluftsområdene og friluftssentera deira.

Jæren Friluftsråd har sju fast tilsette og 15 deltidstilsette (kiosk på friluftsentra). I tillegg er to ungdommar tilsett som sommarhjelp, to vaksne som vertskap på Ølberg camping, ein op ettersyn Mån og to er engasjert på tiltak/aktivitet og tre eksterne prosjektleiarar.

Aktivitetane er samla under følgjande hovudoverskrifter – med nokre kommentarar knytt til Hå:

- Drift og tiltak i friluftsområda
 - I Haugstadskogen er det etablert sykkelsti for terrengsyklistar saman med Vigrestad sykkelklubb. Jæren Friluftsråd betaler for grus, flis og materialer, mens klubben gjer arbeidet på dugnad,
- Friluftssenter
 - Assistentboligen på Kvasseheim blei åpna 8 februar 2019. Her er det plass til 12 overnattingsgjester og det er høg grad av tilrettelegging for rullestol både inne og ute. Prosjektet til ein total kostnad på 6,5 millionar kroner eks. MVA er finansiert med spelemidlar, einge midlar frå Jæren Friluftsråd og sponsorstøtte.
- Aktiviteter
 - Inkluderer mange kurs og aktivitetar – inkludert utstillingar i Friluftsfyret Kvasseheim og fleire ryddeaksjonar langs Jærkysten.

Lenke til årsmeldinga for 2018 blir lagt ut her [lenke](#)

Jærskulen

Namn	Jærskulen					
<i>Organisasjonsform Lovheimel</i>	Interkommunalt samarbeid etter kommuneloven § 27					
<i>Stiftingsdato</i>	Mai 2012					
<i>Selskapet sine oppgåver</i>	Oppnå eit betre læringsutbytte for grunnskuleelevane på Jæren. Få stolte, profesjonelle medarbeidarar som har handlingsrom og støtte i si profesjonsutøving for å nå måla					
<i>Eigarar og eigardelar</i>	Medlemskommunar: Gjesdal, Hå, Klepp og Time.					
<i>Motiv for eigarskapet</i>	Kategori B+D, motiv om å effektivisere tenesteproduksjonen + lokal- eller regionalpolitisk motiv					
<i>Styringsdokument</i>	Mål- og prinsippdokument for samarbeidet på grunnskuleområdet mellom kommunane Gjesdal, Hå, Klepp og Time. LINK					
<i>Styringsgruppa</i>	Hå sine representantar: Kommunalsjef Waldemar Pettersen og HTV i Utdanningsforbundet Karen Elise G. Fossen.					
<i>Arbeidsgruppa</i>	Hå sine representantar er: Skulesjef Trond Egil Sunde og rådgjevar skule Tommy Knudsen					
<i>Dotterselskap og tilknytte selskap</i>	Hå kommune har 9 skular som har forpliktande samarbeid gjennom Jærskulen sine nettverk.					
<i>Kommunen sitt økonomiske engasjement</i>	Hå sin andel av prosjektleiarstilling og felleskostnadar var kr 238.000 i 2017.					
<i>Nøkkeltal for selskapet</i>	Ikkje relevant					
<i>Oppfølging av praksis</i>	Valkomité	-	Etiske retningslinjer for selskapet	-	Eigenevaluering av styret	-
	Styreinstruks	-	Plan for styret sitt arbeid	-		

Kommentar knytt til Jærskulen

Jærskulen er i dag samarbeid om skuleutvikling i 4 kommunar og mellom 34 skular med til saman 9615 elevar. Hå kommune har 2624 desse elevane fordelt på 9 skular.

Målsetjinga med Jærskulen er auka læringsutbytte og betring av læringsmiljø for elevane. Kommentaraner under er knytt til tilstandsrapporten for Jærskulen 2018 (Kvalitet og utvikling) som ein finn her: <http://www.jaerskulen.no/om-oss/>

Læringsmiljø.

Elevane melder stort sett at ein er nøgd med skulekvardagen i Jærskulane. Motivasjon er den største utfordringa ut frå resultatane av elevundersøkinga. For mange elevar er lei skulen for tidleg. Skulane arbeidar med førebyggjande arbeid mot mobbing og resultatane er ikkje gode nok her. Det er ein trend i at mobbetala i Hå kommune er på veg ned. Ein skal arbeide vidare mot mobbing og krenkingar framover for å ivareta den samfunnsoppgåva som skulen har mellom anna med prosjekt om inkluderande barnehage og skulemiljø.

Læringsutbytte

Hausten 2018 oppnådde me eit resultat på nasjonale prøvar på 5. trinn som var på nasjonalt gjennomsnittsnivå i rekning, og rett under nasjonalt gjennomsnittsnivå i lesing og engelsk. Framgangen i lesing var på heile to skalapoeng i høve til hausten 2017. Gledeleg er og at andel elevar i lågaste meistringsnivå har gått markant ned i lesing, engelsk og rekning i høve til hausten 2017, og jamt nedover dei siste fire åra.

På 8. trinnet er vart resultatane på alle dei nasjonale prøvane under nasjonalt gjennomsnittsnivå. Nivået i lesing var heile 3 skalapoeng under nasjonalt gjennomsnittsnivå, med ein nedgang på eitt skalapoeng i høve til 2017.

Resultatane på skriftleg eksamen på 10. trinn våren 2018 var under nasjonalt gjennomsnittsnivå i engelsk, matematikk og norsk hovudmål, og på nasjonalt gjennomsnittsnivå i norsk sidemål. I norsk hovudmål og engelsk var resultatane spesielt svake og nedgangen frå 2017 forholdsvis stor.

Hå er aktive skuleeigarar og deltek i fleire av prosessane rundt Jærskulen i arbeid med elevane sitt læringsmiljø og læringsutbytte.

19.februar 2019 var utvalsmedlemmane i opplæring og kultur i Hå kommune saman med tillitsvalte, rektorar og andre skuleleiarar der ein hadde tilstandsrapporten for 2018 som tema. Rapporten vart og handsama i kommunestyret i Hå den 21. mars 2019 - [lenke](#).

13. juni 2019 var evaluering av Jærskulen sak i kommunestyret. Sluttrapporten om Jærskulen tilseier at samarbeidet går over i ein fast avtale og at dette held fram under namnet Jærskulen. [lenke](#)

4. Stiftingar

Verksemd	Føremål	Selskapsform	Styrerep	Tilskott
KLP	Skal ivareta medlemmane sitt behov for tenestepensjonsordningar. Dette gjeld livs- og pensjonsforsikringar. Selskapet kan administrere og forvalte kommunale pensjonskassar og pensjonsordningar.	Gjensidig forsikrings-selskap	- Ikkje aktuelt	Årleg auke av eigardel 2018: kr 3,746 mill
Jærmuseet	Ein vitskapleg institusjon som skal dokumentera regionen si historie, dei tekniske utviklingslinene i norsk jordbruk og ta på seg andre nasjonale dokumentasjonsoppgåver på område der dette er naturleg.	Stifting	Rep: Ordførar Jonas Skrettingland Vara: Mons Skrettingland	2018: kr 0,94 mill
Jæren Produktutvikling	Yte bistand til ideskaparar og etablerarar på Jæren og dermed stimulere til kreativitet og nyskaping.	Stifting	Rep: Ordførar Jonas Skrettingland Vara: Mons Skrettingland	2018: kr 0,27 mill
Vinterlandbruks-skolen på Jæren	Gje tilbod om kompetanseutvikling innan landbruket, først og fremst ved å drive undervisning på vidaregåande nivå i samsvar med Lov om private skolar (privatskolelova), og Opplæringslova.	Stifting	Representant: Ingve Berntsen Vara: Ådne Skrettingland	2018: kr 0,24 mill
Rogaland Arboret	Rogaland Arboret skal vere eit arboret for Rogaland fylke der det skal plantast eksemplar av vårt lands trær og busker, søke å bevare ein del av den naturlege vegetasjon, samt plante trær og busker frå andre land.	Stifting	Hå sitt medlem i Representant-skapet: Svein Høyland Vara: Renate Skretting	2018: kr 0,168 mill
Funkishuset Sandnes	FunkisHuset er eit lågterskel helse- og omsorgstilbod til rusmiddelavhengige over 18 år i kommunane Sandnes, Sola, Gjesdal, Klepp, Time og Hå.	IKS som er organisert som stifting	Representant: Tor Rune Gudmestad	Ja, kr 10,- per innbyggjar
Ragnvald Skjærpes fond			Representant: Tor Arne Vigre Vara: Anne Siv Lea	
Sven Kvias fond for treplanting på Nærbø	Er avvikla i 2018			

5. Anna samarbeid/styredeltaking

Verksemd	Føremål/kommentarar	Styrerep	Tilskott
Legevakttelefon			
Behandlingsteam psykisk helse (ACT-team)			
Greater Stavanger (inkl Smart-kommune)			
IUA Sør-Rogaland (interkommunalt utvalg for akutt forurensning)			
Jærtek			
Jæren vannområde			
Miljørettet helsevern og sjenkekontroll			
Frisklivssentral			
Voldtekstmottak for Sør-Rogaland			
Tiltaksstilling i barnevernet	Samarbeid med Time og Klepp	Kommunalsjef Vigdis Monsen Austdal	
Barnevernsvakta i Sandnes			
Krisesenteret i Stavanger		Assisterende kommunalsjef Jørn Kosmo	
Jæren Symfoniorkester	2 representantar til årsmøtet	Rep: Torhild Egeland Reime, Mette Haugen Sikveland Vara: Tone Elin Berge, Frode Solberg Larsen	
Tryggheim barnehage		Rep: Eivind Røyneberg Vara: Tor Arne Vigre	
Tryggheim skular		Rep: Merethe Elin Kvia Vara: Stein Aarstrand	
Jærstrendene Landskapsvernområde	Representantar til rådgjevande tilsynsutval	Rep: Elsa Sigveland Vara: Børge Forberg	
Jærrådet	Samarbeid mellom Sandnes, Klepp, Hå, Gjesdal, Time.	Ordførar, varaordførar og rådmann er medlemmer i Jærrådet.	

